



Innkalling

av

Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 10.11.2021
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Synfaring næringsområde - frammøte kl. 08.30 ved kommunehuset på Frekhaug.
Ordinær sakshandsaming frå kl. 12.00.

Sakliste

Saknr	Tittel
110/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
111/21	Godkjenning av møteprotokoll 13.10.2021
112/21	Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder hausten 2021
113/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Eurorent AS - Søknad til utvikling av videreutvikling av nettside - nystartet bedrift
114/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Hellandhusdyr - GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen
115/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Hogne Straume - Soknad om tilskot til kanalisering
116/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Isdal Smale - Søknad om Bedriftsrettet-/etablererstøtte
117/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Klar bedrift AS - Persolog Sertifiseringskurs
118/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Klar bedrift AS. Reiselivskonferansen 2021
119/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Lekekista Øvretveit - Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill
120/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Lindre Gård - Bærekraftig Gård
121/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Lyngøy honning - Sentral honning og næringsvirksomhet
122/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Molvik bigard - Dronninga av Alver 2022
123/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Mundal Båt AS - Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering
124/21	Søknad til Næringsfondet 2021. Nordås Consult & Development AS - Nyetablering og videreutvikling av 3S - Smart Slide System

125/21	Søknad til Næringsfondet 2021. PCOS NORGE - Støtteforening for polycystisk ovarie - Støttetilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge - støtteforening for polycystisk ovariesyndrom
126/21	Søknad til Næringsfondet 2021. PEP - Portable Energy Plant AS - Ny industri med råstoff fra Avfall
127/21	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 10. november

3. november 2021

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
110/21	Utval for næringutvikling og drift	10.11.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 21.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/21	Utval for næringutvikling og drift	10.11.2021

Godkjenning av møteprotokoll 13.10.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

14.10.2021 Protokoll - Utval for næringutvikling og drift - 13.10.2021 1626735



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 13.10.2021
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug
Møtetid: 13:00 - 15:10

Frå kl. 08.30 var utvalet på synfaring på ulike industriområde i Mongstad-området og på Eikanger. Ordinær sakshandsaming starta kl. 13.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anita Bakken	MDG	Maya Greve - MDG

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Anny Bastesen-kommunalsjef, Børge Engedal-innkjøpssjef, Sondre Sognnes Haugen-rådgjever Plan og analyse, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen og om aktuelle prosjekt på Mongstad

Børge Brundtland-dagleg leiar i Industriutvikling Vest orienterte om framdrift i Green Spot Mongstad og Grøn plattform

Sakliste

Saknr	Tittel
107/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
108/21	Godkjenning av møteprotokoll
109/21	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 13.oktober

107/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

Øyvind Bratshaug-Høgre peika på at endra starttidspunkt for møtet også må oppdaterast i kalendervinga.

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste, med kommentaren til Bratshaug.

ND- 107/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

108/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for 1. september.

ND- 108/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

109/21: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 13.oktober

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 13.10.2021:

Behandling:

- Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen i regionen og om aktuelle prosjekt på Mongstad
- Børge Brundtland-dagleg leiar i Industriutvikling Vest orienterte om framdrift i Green Spot Mongstad og Grøn plattform
- Anny Bastesen-kommunalsjef orienterte om intensjonsavtale Intensjonsavtale mellom Equinor Refining Norway AS og Alver kommune om utbygging av vassforsyning til Mongstad industriområde

- Anny Bastesen-kommunalsjef gav status for bemanning og kapasitet i byggesaksavdelinga i kommunen
- Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte om oppfølging av Scenarionalsen for Nordhordland
- Sondre Sognnes Haugen-rådgjevar Plan og analyse orienterte om moglege utfordringar knytt til Scenarionalsen
- Børge Engedal-innkjøpsjef orienterte om korleis styrka lokalt næringsliv gjennom kommunen si rolle som innkjøpar?
- Politisk møteplan lagt fram

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som kan gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarionalsen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelsar, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passande tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg til vedtak.

ND- 109/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil igjen peika på at det er avgjerande at alt som kan gjerast blir gjort for å sikra tilstrekkeleg tilgang på straum til landets største industriområde på Mongstad. Alver kommune må saman med gode samarbeidspartnarar halda fram med å støtta og vera pådrivar for å sikra dette. Utvalet vil vidare også halda fram at offshore tilknytning til straum frå land ikkje må gå på bekostning av utvikling av grøn industri på land.

Utvalet er glad for at det er ei oppfølging av scenarionalsen på regionalt nivå, og vil peika på innspel utvalet har løfta til dette arbeidet i tidlegare møte.

I arbeid med innkjøpsstrategi ønskjer utvalet at det blir lagt opp til å styrka lokalt næringsliv sitt potensiale for å levera i offentlege anskaffelsar, og ber om å bli involvert i dette arbeidet på passande tidspunkt.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for at situasjonen no normaliserar seg mtp. tilstrekkelege ressursar for å handtera situasjonen for byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen, og at det ser ut til å vera politisk fleirtal for ekstraløyvingar for å handtera etterslepet for slike saker som ligg og ventar.

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
112/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021
	Alver kommunestyre	

Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder hausten 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ei lik prosentvis fordeling ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr. 350.000,-. Tildelt sum per søkjar går fram av saksframlegget.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alver kommune er tildelt kr. 1.710.000,- frå KMD, den 25.juni 2021, gjennom tilskotsbrev kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder.

Føremålet med tilskotet er å setje kommunane betre i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemder som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.

Gjennom nettsida regionalforvaltning.no, har Alver kommune mottatt 14 søknader innanfor fristen.

To av desse er ikkje registrert med adresse i Alver kommune, medan to kjem utanfor reglane i kompensasjonsordninga.

Utval for næringsutvikling og drift vedtok 8. april at kompensasjonsordninga skal nyttast innanfor to område:

- Dekke faste kostnader som løn, husleige, straum, forsikring og andre løpande utgifter.
- Dokumentert fall i omsetnad i 2020 og 2021. Her må verksemdene leggje fram relevant dokumentasjon for å synleggjere omsetnadssvikt.

Nivået på stønaden som delast ut heng saman med tal søkjarar, og Alver har motteke mange søknader.

Kommunen har i forkant informert søkjarar om at ein tar i bruk ein sjablongmessig reduksjon av kompensasjonsbeløp ved mange søknader.

Krav til søknad

- Søkjarar må stadfeste at dei samla over tre rekneskaps-år ikkje har motteke offentleg stønad på meir enn 200.000 Euro.
- Skatteattest skal ligge ved søknaden.
- For å få stønad må verksemdene vere registrert før 12. mars 2020 og ikkje vere under konkursbehandling eller avvikling.
- Vidare må verksemder drive lovleg og ha betalt skattar, avgifter og forskotstrekk.

Vurdering

Kvalifiserte s kjarar har levert dokumentasjon etter krava (vedlegg tilgjengeleg i Politikarportalen). Verksemdene har registrert fall i omsetnad i form av tapssum og s kesum i s knadsportalen Regionalforvaltning.no. Verksemda Mongstad Tavleteknikk leverte inn s knaden 4. mai (s knadsfrist 1. mai), og utvalet m  ta avgjerd om s knaden skal handsamast som gyldig.

Utgangspunktet for fordeling er s knadssum fr  den einskilde s kjar. Det er mogleg   leggje opp til fleire alternative fordelingsn klar. Det er 14 s kjarar som har s kt om totalt kr 11.042.176,-. Dette er langt over tildelt sum p  kr 1.700.000,-. R dmannen legg derfor fram tre ulike alternativ til fordeling av midlane.

Alternativ A: Her er det tatt utgangspunkt i ein lik prosentvis fordelingssum for alle kvalifiserte s kjarar.

Alternativ A med tak: Her er det tatt utgangspunkt i ein lik prosentvis fordelingssum, men med eit valt tak p  kr 350 000 for s kjarar med s knadssum p  over 1 million kr.

Alternativ B: Her har ein valt tre ulike, vilk rlege trappesatsar ut fr  storleik p  s kesummen.

	Alt A	Alt A med tak	Alt B
T<0,5 mill	17,2 %	49,20 %	kr 100 000
0,5mil<T>1 mill	Jamt fordelt	Jamt ford./Tak	Kr 250 000
T>1 mill		Kr 350 000	Kr 450 000

Tilr ding

R dmannen tilr r   bruke alternativ A med tak, med ein lik prosentvis fordelingssum ut fr  s kesum med eit  vre tak p  kr 350.000.

I tabell under blir det vist tildeling per verksemd ut fr  dei ulike alternativa.

Ref	S�kn.mottatt	F�retak	Org.nr.	Bilag	Tap	S�kesum	Forslag A	A m/"tak"	Forslag B	
1	RF.21-158	23.09.2021	Classiq	995 955 318	ok	768 105	768 100	132 114	377 905	250 000
2	RF.21-176	30.09.2021	Dale Maskin og utleige	995 302 101	ok	107 958	107 958	18 569	53 115	100 000
3	RF.21-178	01.10.2021	Eco optimaint AS	925 706 000	Nei	260 000	130 000		Ikkje Alver	
4	RF.21-174	30.09.2021	Fjordcharter Norway AS	993 130 443	Nei	2 000 000	1 250 000		Ikkje Alver	
5	RF.21-160	24.09.2021	H�gquist AS	914 874 424	ok	302 038	302 038	51 951	148 603	100 000
6	RF.21-169	29.09.2021	H�gquist, Gro A	???	ok	60 829	60 829		G�r ut	
7	RF.21-156	22.09.2021	H�gquist, Sture A	994 962 108	ok	210 367	200 000	36 183	98 400	100 000
8	RF.21-175	30.09.2021	Jan M Dale Transport AS	945 889 780	ok	134 127	134 127	23 070	65 990	100 000
9	RF.21-163	28.09.2021	Knarvik Kiropraktor Klinik	985 224 269	ok	228 828	228 828	39 358	112 583	100 000
10	RF.21-148	06.09.2021	Nan Tian House AS	992 006 544	ok	6 804 896	6 804 896	1 170 442	350 000	450 000
11	RF.21-166	29.09.2021	Oyemam	993 769 320	ok	130 000	130 000	22 360	63 960	100 000
12	RF.21-161	27.09.2021	Smiths M�te- og Selskapsloka	969 478 617	ok	890 000	540 400	153 080	265 877	250 000
13	RF.21-172	01.10.2021	Thore Helland	971 582 723	ok	350 000	350 000	60 200	172 200	100 000
14	RF.21-181	01.10.2021	UL Samhald Alverstraumen	996 493 873	G�r ut	35 000	35 000		G�r ut	
						12 282 148	11 042 176	1 707 327	1 708 634	1 650 000

Vedlegg i saken:

29.10.2021	Statsbudsjett 2021- Tilskuddsbrev kommunal kompensasjon_Vedlegg	1633189
29.10.2021	Statsbudsjett 2021- Tilskuddsbrev kommunal kompensasjon (1421472)	1633190
03.11.2021	Vedlegg 1 Classiq_soknad_2021-0158	1633211
03.11.2021	Vedlegg 2 Classiq_vedlegg 2019 2020_2021-0158	1633212
03.11.2021	Vedlegg 3 Classiq_vedlegg Firmaattest_2021-0158	1633219
03.11.2021	Vedlegg 4 Dale Maskin og Utleige_soknad_2021-0176	1633220
03.11.2021	Vedlegg 4a Dale Maskin og Utleige_Underlag_2021-0176	1635955
03.11.2021	Vedlegg 5 Fjordcharter Norway_soknad_2021-0174	1635910
03.11.2021	Vedlegg 6 Fjordcharter Norway_Vedlegg_2021-0174	1635911
03.11.2021	Vedlegg 7 Eco_soknad_2021-0178	1635918
03.11.2021	Vedlegg 8 Eco_Notat_2021-0178	1635919
03.11.2021	Vedlegg 9 Eco_businessprofil_2021-0178	1635920

03.11.2021	Vedlegg 10 Høgquist AS_soknad-2021-0160_2021-0160	1635925
03.11.2021	Vedlegg 11 Høgquist AS_Vedlegg_Carl E 2019_2021-0160	1635929
03.11.2021	Vedlegg 12 Høgquist AS_Vedlegg_Carl E 2020_2021-0160	1635930
03.11.2021	Vedlegg 13 Høgquist AS_Vedlegg_Therese 2019_2021-0160	1635931
03.11.2021	Vedlegg 14 Høgquist AS_Vedlegg_Therese 2020_2021-0160	1635932
03.11.2021	Vedlegg 15 Høgquist Gro Anita_soknad_2021-0169	1635933
03.11.2021	Vedlegg 16 Høgquist Gro A _GA19_2021-0169	1635934
03.11.2021	Vedlegg 17 Høgquist Gro A _GA20_2021-0169	1635935
03.11.2021	Vedlegg 18 Høgquist Sture A_soknad_2021-0156	1635936
03.11.2021	Vedlegg 19 Høgquist Sture A_vedlegg oms 2019_2021-0156	1635937
03.11.2021	Vedlegg 20 Høgquist Sture A_vedlegg oms 2020_2021-0156	1635938
03.11.2021	Vedlegg 21 Jan M Dale Transport AS_soknad_2021-0175	1635971
03.11.2021	Vedlegg 22 Jan M Dale Transport AS_Vedlegg_2021-0175	1635972
03.11.2021	Vedlegg 23 Knarvik Kiropraktor Klinik_klinikk_soknad_2021 0163	1635973
03.11.2021	Vedlegg 24 Knarvik Kiropraktor Klinik_LO19_2021 0163	1635974
03.11.2021	Vedlegg 25 Knarvik Kiropraktor Klinik_LO20_2021 0163	1635975
03.11.2021	Vedlegg 26 Nan Tian House_Søknad_2021-0148	1635976
03.11.2021	Vedlegg 27 Nan Tian House_vedlegg_2021-0148	1635977
03.11.2021	Vedlegg 28 Oyemam_soknad_2021-0166	1635979
03.11.2021	Vedlegg 29 Oyemam_Regnskap_2021-0166	1635980
03.11.2021	Vedlegg 30 Oyemam_Skatteattest_2021-0166	1635981
03.11.2021	Vedlegg 31 Smiths Møte og Selskapslokale_soknad_2021-0161	1635984
03.11.2021	Vedlegg 32 Smiths Møte og Selskapslokale_R2020_2021-0161	1635985
03.11.2021	Vedlegg 33 Smiths Møte og Selskapslokale_R2021_2021-0161	1635986
03.11.2021	Vedlegg 34 UL Samhald Alverstraumen_soknad_2021-0181	1635988
03.11.2021	Vedlegg 35 UL Samhald Alverstraumen_rekneskap 1_2020_2021-0181	1635989
03.11.2021	Vedlegg 36 UL Samhald Alverstraumen_rekneskap 2019_2021-0181	1635990
03.11.2021	Vedlegg 37 UL Samhald Alverstraumen_rekneskap 2020_2021-0181	1635991
03.11.2021	Vedlegg 38 Thore Helland_soknad_2021-0172	1635992
03.11.2021	Vedlegg 39 Thore Helland_Næringsoppgave_2021-0172	1635993
03.11.2021	Vedlegg 40 Thore Helland_skatteoppgjør 2019_2021-0172	1635994
03.11.2021	Vedlegg 41 Thore Helland_skatteoppgjør 2020_2021-0172	1635995
03.11.2021	Vedlegg 42 Thore Helland_Vedlegg_2021-0172	1635996

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
113/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Eurorent AS - Søknad til utvikling av videreutvikling av nettside - nystartet bedrift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad til utvikling av videreutvikling av nettside - nystartet bedrift* blir tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 07.01.2021. Bransje: 77.390 Utleie og leasing av andre maskiner og annet utstyr og materiell ikke nevnt annet sted

Saksopplysningar:

Eurorent AS driv utleige av verktøy og maskiner. Dei tilbyr alt frå mindre verktøy som drill, til store maskiner, til leige frå for nokre dagar eller i fleire år. Verksemda rettar særleg drifta mot kundar og verksemder som jobbar prosjektbasert og som ønskjer å leige framfor å eige.

Om prosjektet

Prosjektet tar for seg å utvikle ein digital plattform der kundane kan bestille utstyr på nett og få det levert på angitt adresse. Ein legg vekt på lokalt eigarskap i Nordhordland.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å tilsetje 1-2 personar i full stilling i løpet av 2022.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad til utvikling av videreutvikling av nettside - nystartet bedrift	519 200	259 200	100 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, arbeidsplassutvikling i Alver kommune og nyskaping.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Eurorent, søknadsskjema	1635753
03.11.2021	Eurorent, vedlegg 1	1635757
03.11.2021	Eurorent, vedlegg 2	1635758

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Hellandshusdyr - GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen* blir tildelt kr 24 400 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Hellandshusdyr er eit einpersonsforetak. Bransje: 01.451 Sauehold. Registrert 04.09.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda har vinterfora villsau. Dei har ein del innmarksområde til disposisjon og sauene går no på innmarksbeite. Dette har søkjar i hovudsak rydda og inngjerda sjølv.

Om prosjektet

Området rundt "Peparen" og "Hestefjellet" nyttast mykje til turgåing, også av barnehage/skule etc. Søkjar disponerer eit utmarksområde i dette området, familie-eigd (Gbr nr 132-1). Delar av området er nyplanta granskog. Søkjar ønsker å få nytte området til beite og å vedlikehalde dette utmarksområdet. Det er kostbart og tidkrevande å gjerde inn eit stort område, og det er utfordrande å halde kontroll over gjerda, som også er i vegen for turgåarar/dyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjar ønsker derfor å søke om stønad til "nofence"/GPS-halsband til villsau for å spare ressursar til inngjerding, kunne drive meir lønnsamt og opprette eit trygt beiteområde i nærleik av turgåing, barnehage og skule.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
GPS-halsbånd til villsau i "sentralt" utmarksområde som er mye brukt av turgåere, men som gror igjen	49 302	27 915	24 400

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemder og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Hellandshusdyr, søknadsskjema

1635509

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
115/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Hogne Straume - Søknad om tilskot til kanalisering Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om tilskot til kanalisering* blir tildelt kr 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Hogne Jarle Straume er eit einpersoneforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søkjær skriv at lågare grunnvassnivå vil gje eit djupare rotsystem til plantane, noko som og gjer dei meir tørkesterke.

I jordbruket finst det ikkje tilskot til kanalisering. Berre til oppattgrøfting av drenggrøftane. Søkjær skriv at kanalisering som dette vil vere kostnads- og arbeidsintensivt.

Om prosjektet

Prosjektet går ut på oppgraving av eksisterande kanal, senking og bortsprenning av bergtersklar og lukka delar av kanalen med røyr. Ein vil senka grunnvassnivå på allerede dyrka areal og areal som skal dyrkast. Kanalen er ein del av dreneringssystemet på den største teigen på garden. Når søkjær vert ferdig med og dyrka resten av myra i løpet av nokre år, vil det vere ein samanhengande teig med 120 daa. engareal. Det trengst lågare utløp enn som er naturleg for å få senka grunnvatnet tilstrekkeleg, og for å få leia vatnet bort på ein effektiv måte. I prosjektet inngår det kostnader til blant anna skyting, gravemaskinsarbeid, rør og grus. Søkjær skriv at tilskot er særskild viktig for at prosjektet skal verta gjennomført og for å sikra grunnlaget for garden vidare med auka grovfôrproduksjon.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet vil gje djupare utløp for dreneringsvatnet for heile arealet som ligg oppanfor desse tersklane. Det vil forbetra arronderinga for hausting av arealet ved at det vert lettare framkommeleg ved hausting, der kanalen vert lukka. Tiltaket kjem og til å gje høve til djupare grøfter og betre utløp for framtidig oppdyrking.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om tilskot til kanalisering	500 000	250 000	40 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemdar og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

03.11.2021

Hogne Straume, søknadsskjema

1635606

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Isdal Smale - Søknad om Bedriftsrettet-/etablererstøtte Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om – Bedriftsrettet-/etablererstøtte* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit enkeltpersonsforetak. Registrert 03.02.2001. Bransje: 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Isdal Gard jobbar med verdiskaping, produktutvikling, historieforteljning, merkevarebygging og sal.

Om prosjektet

Søknaden gjeld testproduksjon av garn av ull frå eigne sauer, av type gammalnorsk spæl (bevaringsverdig rase). Ulla har dobbel fell; mjuk bunnell og sterke dekkhår, med stor variasjon i farge. Ulla vert i dag ikkje verdsett og endar ofte som avfall på gardane. Dette vil søkjar gjere noko med. Samla/sortert ull vert til garn hjå spinneri. Søkjar ønskjer å teste ut om det er ein marknad for garn frå sauene av Gammalnorsk spæl. I tre år har dei samla og sortert garn for å få eit stort nok parti til å sende til spinneri. No ønskjer dei å få gjort ein testproduksjon av garn frå eigne/ lokale/norske sauer. Søkjar vil og jobba med merkevarebygging, historieforteljning og produktutvikling knytt til garnet.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å gjere seg erfaringar, teste ut produktet og sjå om det er grunnlag for ei vidare satsing på bruk av ulla til garn. Ein vil og å sjå om det er grunnlag for å tilby gardsutsal/opplevingar på garden.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte	80 000	40 000	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, nyskaping, samarbeid og kompetanseutvikling i næringslivet

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Isdal gard, søknadssjema 1635118
03.11.2021 Isdal gard, vedlegg 1635119

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
117/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Klar bedrift AS - Persolog Sertifiseringskurs
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Persolog Sertifiseringskurs* blir tildelt kr 10 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 03.09.2013. Bransje: 70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning

Saksopplysningar:

Klar Bedrift er eit bedriftsrådgivingselskap for det nasjonale Næringshageprogrammet til Siva og fylkeskommunen. Eit viktig satsingsområde er det store potensialet i vekst og utvikling i grønne og blåe næringar. Verksemda har meir enn 60 bedrifter tilknytt næringshageprogrammet innan reiseliv, industri, landbruk og marine næringar.

Om prosjektet

Kurset er ei sertifisering i Persolog Personfaktormodell som skal gje verksemda tilgang til internasjonalt anerkjentde verkty for åtferdsutvikling. Verktøyet kan brukast vidare i arbeid med å utvikle individ og organisasjonar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Sertifiseringa vil vere eit kompetansehevande tiltak som skal kunne gje grunnlag for å yte endå betre tenester og oppfølging til næringslivet i regionen, og gje eit profesjonelt løft i arbeidet med næringslivet.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Persolog sertifisering	25 000	12 500	10 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi og stimulerer til kompetanseutvikling.

Vedlegg:

Klar bedrift,
søknasskjema
Persolog
sertifisering

Vedlegg i saken:

03.11.2021

Klar bedrift, søknasskjema Persolog sertifisering

1635120

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Klar bedrift AS. Reiselivskonferansen 2021 Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Reiselivskonferansen 2021* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 03.09.2013. 70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgiving.

Saksopplysningar:

Klar Bedrift er eit bedriftsrådgivningsselskap for det nasjonale Næringshageprogrammet til Siva og fylkeskommunen. Eit viktig satsingsområde er det store potensialet i vekst og utvikling i grønne og blåe næringar. Verksemda har meir enn 60 bedrifter tilknytt næringshageprogrammet innan reiseliv, industri, landbruk og marine næringar.

Om prosjektet

Reiselivskonferanse for aktørar og andre interesserte i Vestland med over 90 påmelde. Konferansen vart arrangert i samarbeid med Visit Bergen og Regionrådet 28. oktober -21. Tema: Kvifor vert samarbeid mellom verksemdar i bygd og by viktigare enn før når reiselivet skal gjenreisast etter koronakrisa? Korleis forventar regionale mynde at reiselivet bidreg til å skape gode lokalsamfunn? Kva kan regionen lære av gode samarbeid andre stader i landet, og korleis påverkar den nye, nasjonale reiselivsstrategien aktørar i Vestland? Mellom foredragshaldarane var representant frå Innovasjon Norge, fylkesvaraordførar i Vestland, ordførar i Alver og ei rekke reiselivsaktørar frå ulike regionar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målsettinga er å auka merksemd, kunnskap, aktivitet og sysselsetting i reiselivsnæringa i regionen, særleg i etterkant av pandemien.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Reiselivskonferansen 2021	100 000	50 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, indirekte arbeidsplassutvikling i Alver kommune, nyskaping, kompetanseutvikling og samarbeid.

Vedlegg i saken:

03.11.2021

Klar bedrift, søknadsskjema reiselivskonferansen

1635121

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Lekekista Øvretveit - Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lekekista er eit einpersoneforetak. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg. Registrert 16.10.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Lekekista er ein nettbutikk med sal av leikar og spel for barn i alle aldrar, som har som mål og vere blant dei rimelegaste blant tilbydarane. Nettbutikken opplever at det er ein marknad for dette, og at dei klarar å vere konkurransedyktig på pris på store delar av sortimentet i dag.

Om prosjektet

Det er søkt om prosjektmidlar til innkjøp av produkt, fraktkostnader og marknadsføring. Ifølgje kostnadsplanen har dei planar om å bruke kr 750 000 til innkjøp av produkt, kr 40 000 til frakt og kr 60 000 til marknadsføring.

Prosjektleveranse/Målsetting

Mål framover er å auke utval og lagerbeholdning. På sikt vil dei auke lagerarealet slik at dei kan ta inn større parti og oppnå betre innkjøpsprisar, og framover vil dei auke budsjettet for marknadsføring for å få ein større kundemasse.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte for Lekekista	850 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Det kjem også fram av vedtektene pkt. 6.4. at stønad ikkje skal nyttast til ordinære driftkostnader.

Søknad om støtte til innkjøp får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
120/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Lindre Gård - Bærekraftig Gård
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Bærekraftig Gård* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Bærekraftig Gård er eit einpersonsforetak. Bransje: ikkje oppført. Registrert 15.10.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Lindre Gård er eit gardsbruk som driv med bær,grønnsaker og soppproduksjon.

Om prosjektet og prosjektleveranse

Målet med prosjektet er å gjere garden meir berekraftig ved å få montert solcelleanlegg. Det første steget med å gjere garden meir berekraftig, er å få på plass solcelleanlegg. Det neste steget er å optimalisere til innandørs produksjon.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Bærekraftig Gård	278 674	139 337	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Lindre Gård, søknadssjema

1635107

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
121/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Lyngøy honning - Sentral honning og næringsvirksomhet
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Sentral honning og næringsvirksomhet* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Føretaket er eit einpersonsforetak. Registrert 20.07.2021. Bransje: 01.490 Husdyrhold ellers

Saksopplysningar:

Lyngøy honning driv i dag to bigardar på Leknes i Alver kommune med totalt 10 bikuber.

Om prosjektet

På Vestlandet er det krevjande å drive med bier som deltid- og fulltidsstilling, om ein skal basere seg på honningproduksjonen åleine, skriv søkjar. Årsaka er kort sommarsesong/produksjonssesong der ein er avhengig av godt ver for å oppnå eit tilstrekkeleg overskot. Uforutsigbarheit knytta til klimatiske høve fører til at ein må ha fleire bikuber for å oppnå lønsemd. Eit årsverk som birøktar estimerast til drift av 250 bikuber, men vil trulig vere høgare på Vestlandet grunna faktorar nemnde ovanfor.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det er ønskeleg å utvikle eit konsept som muliggjer deltid- og fulltidsstilling innafor birøkt med tilhøyrande bigard og produksjonslokale. Utleige av bikuber til næringsdrivande fins ikkje i Knarvik i dag, og søkjar ønskjer å utvikle moglegheita for denne typen landbruksverksemd. Søkjar meiner at samarbeid med næringslivet vil kunne gje positive effekt for birøktar og næringsdrivande. Det er ei målsetting at utleige av bikubene vil kunne gje økonomisk grunnlag for drift som birøktar på Vestlandet samt moglegheit for omdømmebygging for verksemda, i tillegg til eit salbart sluttprodukt.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Sentral honning og næringsvirksomhet	158 573	79 286	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, arbeidsplassutvikling i Alver kommune, nyskaping og samarbeid.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Lyngøy honning, søknadsskjema 1635115
03.11.2021 Lyngøy honning, vedlegg 1635116

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
122/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Molvik bigard - Dronninga av Alver 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Dronninga av Alver 2022* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Molvik bigard er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 01.490 Husdyrhold ellers. Registrert 07.10.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Molvik bigard har sine bikuber og driftsenter i Molvik i Alver kommune.

Verksemda driv med honningproduksjon, sal av bier/dronningar og er først i Norge til å arrangere biesafari.

Om prosjektet

Det er over 3000 bikuber i Vestland fylke og alle bikuber må skifte dronning etter 2-3 år. Dette gjerast for å hindre sverming og halde oppe egglegginga til dronninga. Dette betyr at marknaden for dronningar berre her på Vestlandet ligg rundt 1000 dronningar pr år.

Søkjær skriv at dei er dei einaste næringsbirøktarane på Vestlandet som har eige hus til bikubene sine, og at dette vil vere ein stor fordel for dronningsavl.

Prosjektleveranse/Målsetting

Molvik bigard skal gjennom dette prosjektet verte ein betydeleg leverandør av bidronningar.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Dronninga av Alver 2022	70 000	35 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemd, stimulerer til berekraftig utvikling og styrkar næringslivet i arbeidet med entreprenørskap.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Molvik bigard, søknadsskjema	1635111
03.11.2021	Molvid bigard, vedlegg 1	1635112
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 2	1635113
03.11.2021	Molvik bigard, vedlegg 3	1635114

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
123/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Mundal Båt AS - Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering* blir tildelt kr 400 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Prosjektet *Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering* blir tildelt kr 400 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Saksopplysningar:

Mundal Båt AS er produsent av fiske og servicefartøy. Verksemda har levert 97 bygg sidan 1981. Dei er etablert i Storsandvik på Radøy og byggjer sine fartøy i sin heilskap der.

Dei byggjer båtar opptil 50 m i komposittmateriale.

Fartøya blir designa og teikna av Maritime Engineering AS, som er etablert i Knarvik.

Om prosjektet

Mundal Båt AS er i gang med ei satsing på ei rekke hybrid/ elektriske fiskefartøy mellom 11 og 33 m som dei skal selje som miljøvennlege løysingar til fiskerinæringa. Hybridfartøya kan gå på tradisjonell motorisering eller rein el-drift.

Prosjektet krev samarbeid mellom fleire aktørar i Alver. Prosjektet skal fange om design, 3D-modellering, samt visualisering.

Eigar av prosjektet / deltakarar i prosjektet i tillegg til støttemottakar

Mundal Båt AS er eigar av prosjektet.

Maritime Engineering AS er deltakar i prosjektet.

Industriutvikling Vest AS er deltakar i prosjektet.

Prosjektleveranse/Målsetting

Med prosjektet ønsker Mundal Båt AS å etablere berekraftig produksjon av hybrid og reine elektriske fartøy i Alver / Storsandvik.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Fremtidens Fiskefartøy, design og digitalisering	1 980 000 over to år	700 000 over to år	400 000 for 2021

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg

prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemd og arbeidsplassutvikling i Alver kommune, stimulerer til berekraftig utvikling og styrkar næringslivet i arbeidet med ny teknologi, omstilling, samarbeid, innovasjon og entreprenørskap.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Mundal båt, søknadsskjema	1635098
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 1	1635099
03.11.2021	Mundal båt, vedlegg 2	1635100
03.11.2021	Mundal båt vedlegg 3 (003)	1635605
02.11.2021	Mundal båt, vedlegg 4	1635101

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
124/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Nordås Consult & Development AS - Nyetablering og videreutvikling av 3S - Smart Slide System

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Nyetablering og videreutvikling av 3S - Smart Slide System* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Nordås Consult & Development AS er eit aksjeselskap. Bransje: 71.129 Annen teknisk konsulentvirksomhet. Registrert 02.06.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Nordås Consult & Development AS vart etablert våren 2021, og har som mål å kunne bistå med konsulentverksemd lokalt og eksternt.

Dagleg leiar og gründer, Christian Nordås, jobbar med å utvikle eit produkt som heiter 3S - Smart Slide system, som vil vere eit transport- og oppbevaringssystem for varebilar og skaphengarar. Målet er kommersialisering av 3S, der deira forretningsmodell byggjer på å etablere ein utviklingsplattform for 3S-systemet og andre tenester med base i Alver kommune.

Kjerneverksemda i bedrifta er; Konsulentverksemd innan ingeniørfaget. Produktutvikling, teknisk design, berekningar, testing og utvikling.

Om prosjektet og prosjektleveranse

I dette prosjektet søker verksemda midlar til å vidareutvikle 3S - Smart Slide System, med mål om å bygge prototypar og teste/verifisere systemet før kommersialisering. 3S blir utvikla for å kunne brukast opp mot eksisterande verktøykassar (Festool/Tanos), for enklare å integrere systemet ved kommersialisering.

Ved prototyping vil søkjar bruke lokale aktørar, både for produksjon og testing. I tillegg vil dei ha fokus på å kartlegge marknaden, finne lokal pilotkunde og kompetanseheving.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Nyetablering og videreutvikling av 3S - Smart Slide System	300 000 (155 000 i 2021 og 145 000 i 2022)	150 000 (75 000 i 2021 og 75 000 i 2022)	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen.

I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Nordås Consult, søknadsskjema	1635103
03.11.2021	Nordås Consult, KONFEDENSIELT vedlegg 1	1635104
03.11.2021	Nordås Consult, vedlegg 2	1635105
03.11.2021	Nordås Consult, vedlegg 3	1635106

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
125/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. PCOS NORGE - Støtteforening for polycystisk ovarie - Støttetilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge - støtteforening for polycystisk ovariesyndrom

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Støttetilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge- støtteforening for polycystisk ovariesyndrom* blir tildelt kr 3500 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

PCOS NORGE er forening/lag/innretning. Bransje 94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert 27.09.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Polycystisk ovariesyndrom (PCOS) er eit syndrom som rammar om lag 15 % av alle kvinner. Syndromet kjenneteiknast av at hormonane er i ubalanse, og ofte med plagar som cyster på eggstokkane, sjeldne eller uregelmessige menstruasjonar og auka hårvekst. Cirka ein tredjedel av desse kvinnene treng hjelp frå sjukehus eller gynekolog som følgje av syndromet, og konsekvensane kan vere mange og alvorlege: auka risiko for diabetes, høgt blodtrykk, insulinresistens, angst, depresjon og tvangstankar og utfordringar knytta til å verte gravid.

Om prosjektet

Foreininga skal drive landsoppfattande opplysningverksemd overfor medlemmer og andre. Det skal følgje ny og oppdatert forskning på feltet. Blant anna har sju land gått saman for å finne ny behandling for unge jenter med denne diagnosen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Tilføre merksemd og kompetanse på feltet, og vere støttespelar for personar som er råka.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Støttetilskudd til oppstart av ny forening: PCOS Norge- støtteforening for polycystisk ovariesyndrom	7000	7000	3500

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til kunnskapsutvikling som på sikt kan vere med å auke sysselsetting og aktivitet.

Vedlegg i saken:

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
126/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. PEP - Portable Energy Plant AS - Ny industri med råstoff fra Avfall

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Ny industri med råstoff fra Avfall* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

PEP – Portable Energy Plant AS er eit aksjeselskap. Bransje: 46.630 Engroshandel med maskiner og utstyr til bergverksdrift, olje- og gassutvinning og bygge- og anleggsvirksomhet. Registrert 19.01.2018. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

PEP-Portable Energy Plant AS har i samarbeid med Kentec i Korea utvikla ein eigen teknologi for forgassing av avfall. Prosessen består i eit kammer kor avfallet brytast ned i ein termisk prosess der det produserast CO (karbondioksyd) gass og hydrogen. Gassen trekkast ut i ein eigenutvikla gassbrennar. Her tilsettast oksygen i riktig mengde, og energi produserast i eit høgtemperaturkammer.

Søklar skriv at dei med denne prosessen har moglegheit for å tilsette reint oksygen istadenfor luft, og på den måten produsere minimale mengder NOx (nitrogen oksider) i prosessen. Etter at gassen er forbrent vil ein bruke varmen til å produsere damp, som igjen kan brukast til produksjon av elektrisk straum, fjernvarme, oppdrett, proteinproduksjon, etc. Straumen kan leverast på nettet eller ein kan bruke den lokalt til f.eks. produksjon av hydrogen til framtidige transportløysingar. Vidare produksjon av varmt vatn til oppdrett og drivhus samt anna industriell verksemd som har behov for større mengder varme eller kulde og er utsleppsfritt.

Konsepta det arbeidast med er utsleppsfrie og kombinerast med tilgjengelege teknologiar for stegvis å omdanne avfall til ny industri i ein sirkulær tankegang.

Om prosjektet og prosjektleveranse

Selskapet vil utgreie moglegheita for å nytte varme frå energiverket ved NGIR som er under detaljplanlegging til produksjon av saltvannsreker på land eller i lukka tankar i nærliggande områder. I prosjektet vil ein søke etablert samarbeid med aktuelle aktørar som har erfaring i produksjon av reker på land, mellom anna Swiss Shrimps og/eller Happy Prawns AS, men ikkje begrensa til desse. Vidare vil søklar utgreie kva for endringar ein i energiverket si utforming ein bør ta omsyn til, innfasingsperiodar.

Kven som eig prosjektet / deltakar i prosjektet i tillegg til støttmottakar

Prosjekteigar er PEP - Portable Energy Plant AS, som skal selje energi og leige ut tomteareal.

Moglege deltakarar og energiforbrukarar er Swiss Shrimps AG, Rafael Waber, Salzweg 6, 4310 Rheinfelden, Sveits <https://www.swissshrimp.ch/prod/crm>

Happy Prawns AS, Vågen 42, 4364 Sirevåg Kontakt person Magnar Hansen, <https://www.happyprawns.no/> Bremnes Seashore er deleigar i dette selskapet.

Lokale grunneigarar som kan ha eigna areal i nærleiken av det planlagte energiverket vil bli vurdert.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Ny industri med råstoff fra Avfall	560 000	310 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Vedlegg i saken:

03.11.2021	PEP, søknadsskjema	1635109
03.11.2021	PEP vedlegg (002)	1635580

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
127/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 10. november

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

1. Status for arbeidet med interkommunal plan for sjø – v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse
2. Droneprosjektet – status v/Kjetil Spurkeland-tenesteleiar drift og vedlikehald
3. Kompetansesenter for ungdom og arbeid – orientering v/Anita Steinsland-NAV
4. Byggesak – bemanning og kapasitet - status v/Anny Bastesen-kommunalsjef
5. Scenarioanalyse – oppfølging v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef

Synfaring næringsområde i Alver – avreise kl. 08.30 ved kommunehuset på Frekhaug